



Tiltakshavaren sitt ansvar

2973
2012

Opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid er tiltakshavaren sitt ansvar

Tiltakshavaren pliktar å vurdere og eventuelt undersøkje om det er forureina grunn i området. Dersom grunnen er forureina, skal tiltakshavaren utarbeide ein tiltaksplan som skal godkjennast av kommunen før tiltaket kan gjennomførast.

Forskrift om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid vart vedteken av Miljøverndepartementet med verknad frå 1. juli 2004. Føresegnene i forskrifta inngår som kapittel 2 i forureiningsforskrifta. Kommunen er forureiningsstyresmakt etter forskrifta og skal kunne samordne behandlinga av saker etter forskrifta med behandling av saker etter plan- og bygningslova.

Tiltakshavaren skal:

1. Vurdere om det kan vere forureina grunn
2. Undersøkje mogleg grunnforureining
3. Utarbeide ein tiltaksplan
4. Sende inn tiltaksplanen til kommunen for godkjenning
5. Gjennomføre tiltaket og rapportere til kommunen etter at tiltaket er gjennomført



Graving i forureina grunn krev godkjenning av kommunen.
Foto: Kine Martinsen, Klif

1. Vurdere

Tiltakshavaren (det vil seie grunneigar, entreprenør eller utbyggjar) skal vurdere om det kan vere forureina grunn i området der eit terrengingrep blir planlagt. Røynsla seier at det er sannsynleg at ein eigedom kan ha forureina grunn dersom han har vore nytta til for eksempel:

- bensinstasjon/tankanlegg
- bilverkstad
- mekanisk verkstad/skipsverft
- galvaniseringsverkstad
- impregneringsverk

- industriverksemd
- avfallshandtering/deponi

Ein har røynsla for at grunn der det er gjort gjentekne rivingsarbeid eller rehabilitering av bygningar, vil kunne vere forureina. Dette gjeld òg stader som har restforureining frå tidlegare tiltak. I byar er det vanleg at grunnen i eldre og sentrale bydelar er forureina.

Aktuelle kjelder til informasjon om eigedommen er:

- Databasen Grunnforurensning på www.klif.no/grunn, som viser eigedommar der det er registrert eller er grunnleggjande mistanke om forureining i grunnen.
- Kommunen, som kan opplyse om reguleringsføresegner og eigedomshistorie.
- Matrikkelen, som kan opplyse om eigedommar med registrerte grunnforureiningar

2. Undersøkje

Der det er sannsynleg å rekne med at det er forureina grunn, skal tiltakshavaren syte for at det blir utført nødvendige undersøkingar for å få klarlagt omfanget og verknaden av ei eventuell forureining.

Grunnen må karakteriserast som forureina når konsentrasjonen av kjemiske stoff overskrider normverdiar som er gitt i vedlegg 1 til forskrifta, og/eller at bakgrunnsnivået er overskride. Lista over stoff med normverdi i vedlegg 1 er ikkje å rekne som fullstendig. Tiltakshavaren har ei sjølvstendig plikt til å vurdere om også andre stoff enn dei på lista kan vere relevante.

Dersom grunnen er forureina, skal tiltakshavaren utføre undersøkingar etter Norsk Standard NS-ISO 10381-5 og rettleiarar som er knytte til den.

Kommunen kan krevje at undersøkingar og risikovurderingar blir gjorde av føretak med særleg fagleg kompetanse på området. Tiltakshavaren bør derfor rådføre seg med kommunen.

Klif har laga ei oversikt over dei fleste føretak og konsulentar som arbeider med forureina grunn.

3. Utarbeide tiltaksplan

Dersom dei nemnde normverdiane og/eller bakgrunnsnivået er overskride, pliktar tiltakshavaren å utarbeide ein tiltaksplan.

Planen skal sikre at:

- det blir ein ønskt miljøkvalitet når det gjeld den planlagde bruken av eigedommen
- det ikkje oppstår skadeleg forureining i samband med anleggsarbeidet
- forureina massar blir disponerte forsvarleg

Tiltaksplanen skal ta for seg:

- gjennomførte undersøkingar
- helsebaserte tilstandsklassar for forureina grunn og/eller eventuelle fastsette akseptkriterium
- risiko for spreining av forureining under arbeidet
- tiltak og tidsplan for å sikre nødvendig miljøkvalitet under og etter gjennomføringa
- disponering av forureina massar
- kontroll og overvaking under og etter terrengingrepet
- dokumentasjon for bruk av godkjende føretak

Dersom tiltaket òg krev melding eller søknad etter plan- og bygningslova, skal tiltaksplanen sendast kommunen saman med meldinga eller søknaden.

Kommunen kan krevje at tiltaksplanen blir utarbeidd av føretak med særleg kompetanse.

4. Sende inn tiltaksplan til kommunen for godkjenning

Tiltaksplanen for terrengingrepet skal vere godkjend av kommunen før tiltaket kan gjennomførast.

Kommunen vurderer om tiltaksplanen er tilstrekkeleg dekkjande og i samsvar med krava i forskrifta. Dersom ikkje, skal kommunen påpeike manglar overfor tiltakshavaren, slik at tiltaksplanen kan rettast opp. Kommunen kan òg krevje at det blir gjort ytterlegare undersøkingar,

og kan stille konkrete krav til innhaldet i tiltaksplanen

Tiltakshavaren har i utgangspunktet sjølv ansvaret for at tiltaksplanen har tilfredsstillande kvalitet. At kommunen har godkjent tiltaksplanen, tek heller ikkje frå tiltakshavaren ansvaret for at tiltaka er gode nok for å sikre tilstrekkeleg miljøkvalitet under og etter gjennomføringa av tiltaket.

Kommunen kan bestemme at tiltakshavaren skal syte for varsling dersom tiltaket ikkje er tilstrekkeleg varsla overfor naboar og andre som saka vedkjem, gjennom behandlinga av saka etter plan- og bygningslova. Kommunen si saksbehandling av tiltaksplanen skal så langt det er mogleg, samordnast med behandlinga av saka etter plan- og bygningslova. Dette inneber at i byggje- og gravesaker som kommunen behandlar etter plan- og bygningslova § 21-4, skal godkjenning av tiltaksplanen i saker med forureina grunn liggje føre frå den etaten i kommunen som har forureiningsstyresmakt, før det blir gitt løyve etter plan- og bygningslova.

Kommunen kan fastsetje gebyr for saksbehandling og kontroll etter forskrifta.

5. Gjennomføre tiltaket

Gjennomføringa av tiltaket skal gjerast i samsvar med godkjend tiltaksplan. Eventuelle avvik frå tiltaksplanen skal vere godkjende av kommunen.

Tiltakshavaren skal på eit når som helst tidspunkt kunne dokumentere at arbeidet skjer i samsvar med tiltaksplanen. Vidare pliktar tiltakshavaren når som helst å la representantar for kommunen føre tilsyn med gjennomføringa.

Dersom det under gjennomføringa oppstår fare for forureining som ein ikkje har rekna med, har tiltakshavaren eit sjølvstendig ansvar for å førebyggje eller motverke dette.

Blir det oppdaga uføresett forureining i grunnen eller det oppstår mistanke om slik forureining etter at terrengingrepet er påbyrja, skal alt arbeid som kan utløyse spreingsfare, straks stansast. Tiltakshavaren pliktar å gjennomføre nødvendige undersøkingar og om nødvendig utarbeide ny tiltaksplan knytt til dette.

Straks etter at tiltaket er gjennomført, skal tiltakshavaren rapportere til kommunen om gjennomføringa i samsvar med planen. Tiltakshavaren skal samtidig gi kommunen informasjon som grunnlag for registrering i Klifs database Grunnforurensning, www.klif.no/grunn.

Tiltakshavaren må vere førebudd på kontroll frå kommunen etter at tiltaket er gjennomført.

Elles viser vi til eigne reglar for sluttkontroll og godkjenning for dei sakene som òg fell inn under plan- og bygningslova.